Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 05.01.2022 |
| Vår: 20/16175 - 22/477 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve for bustad med utleigehusvære - gbnr 202/164 Hjelmås

| | |
| --- | --- |
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 007/22** |
| **Tiltakshavar:** | Kjetil Sæle |
| **Ansvarleg søkjar:** | Kålås Bygg AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd, vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad på gbnr 202/164 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Hovuddel av bustad, avkøyring, internveg og parkeringsareal.**
2. **Ferdigattest skal liggja føre innan 30.06.2022.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26.10.2020.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: Hovuddel av bustad, avkøyring, internveg og parkeringsareal.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Arbeid i hybel
2. Støttemur, utlegging av jord til plen samt etablering av utvendig trapp i terreng

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.06.2022.

Det vert elles vist til søknad mottatt 04.05.2022 og supplerande dokumentasjon mottatt 05.04.2022.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, slik at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for del av tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | |
| Bygningstiltak: | Einebustad med hybel/sokkelleilighet |
| Bygningsnummer: | 300833251 |
| Bruksareal: | 187,5 |
| Avløp: | Kommunalt |
| Vatn: | Kommunalt |
| Tal på røykløp: | 1 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16175

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Anne Lise Molvik<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kjetil Sæle | Storneset 19 A | 5915 | HJELMÅS |
| Kålås Bygg AS | Torvhusmyrane 2 | 5913 | EIKANGERVÅG |